



## La villreinen leva!

v/Bjarte Hestdalen  
Fiskestigen 1182  
3890 Vinje

### Til:

Buskerud fylkeskommune  
v/Lise-Berith Lian

30.10.2025

# Innspel til felles sti- og løypeplan for Hardangervidda

Vi viser til brev om høyring ref. 2025/9481. La villreinen leva! takkar for høvet til å gje innspel til Felles sti- og løypeplan for Hardangervidda.

## Om organisasjonen La villreinen leva!

**La villreinen leva er den fyrste landsomfattande organisasjonen av sitt slag.**

- La villreinen leva! skal kjempe for å ta vare på villreinen og alle dei 24 leveområda til villreinen i fastlands-Noreg, i tråd med dei nasjonale og internasjonale forpliktingane våre.
- La villreinen leva! meiner at villreinen skal prioriterast fyrst i alle saker som kan påverke dyra og leveområda. Når ein tek vare på villreinen, tek ein samtidig vare på mange andre artar som lever i dei same områda. Kraftindustri, vegar, idrettsanlegg, hus og hytter har innskrenka og stykka opp leveområda til villreinen, i tillegg forstyrrar menneskeleg ferdsel. Arealinngrep i randsonene og i villreinområda må stansast, og menneskeleg forstyrning må reduserast.
- La villreinen leva! skal vera ein modig og konstruktiv bidragsytar til samfunnsdebatten om villrein, høgfjellsøkologi, naturmangfald og berekraft.
- La villreinen leva! Skal arbeide tverrpolitisk på lokalt, regionalt og nasjonalt plan for at villreinen og leveområda til villreinen blir ivareteke.
- La villreinen leva! vil arbeide for å gjeva villreinen status som Noregs nasjonaldyr.

## Innleiing – Villreinen er vårt felles ansvar

**Vi deler intensjonen om betre samordning av ferdsel og tiltak, og vi er glade for at planen peiker på sentrale utfordringar og presenterer forslag som kan gjeva forbetringar. La villreinen leva! meiner at planen i enda større grad bør ta høgde for villreinens kritiske situasjon og sårbarheit.**

Hardangervidda er ikkje berre eit friluftsområde – ho er leveområde for Europas største og siste villreinstamme.

Planen framstår meir som eit kompromiss mellom friluftslivsinteresser enn som eit styringsverktøy for naturvern.

For at Hardangervidda skal kunne vera eit livskraftig villreinområde, må det vera naturen og reinen som gjev premissa, ikkje den menneskelege aktiviteten.

## Overordna merknader

### Manglande tidsperspektiv og forplikting

Planen opererer med tiltak i perioden 2026–2030, og fleire prøvestengingar i fem år. Men mål og resultat er uklare, og det blir ikkje stilt krav om faktisk betring i villreinens levekår i løpet av perioden.

Hardangervidda treng konkrete, bindande tiltak med verknad frå 2026, ikkje prosjekt som blir ståande i evaluering i eit tiår.

### Forvaltningsstruktur og ansvar

DNT har fått ein sentral plass i planlegging og gjennomføring.

Det er prinsipielt feil at den største ferdselsaktøren på vidda skal ha slik makt over tiltak som handlar om vern.

Villreinforvaltninga, fjellstyre og grunneigarar må vera styrande partar, ikkje DNT. Reiselivsinteressene må underordnast naturgrunnlaget.

### Juridisk og økologisk forankring

Planen er ikkje rettsleg bindande, og blir dermed svak i møte med kommunal press og lokale næringsinteresser.

Tiltaka må forankrast i naturmangfaldlova og kvalitetsnorma for villrein, arealplanar og PBL, med føre-var-prinsippet (§9) som styrande prinsipp.

Utan juridisk verknad vert planen berre eit dokument for gode intensjonar.

## Grunneigarar, tillit og DNT

Planen må ta inn over seg den aukande uroa blant grunneigarane.

Mange mistar tillit til prosessen fordi DNT ikkje ser ut til å vilja redusere eigen aktivitet, og fordi fleire av stiane manglar klare juridiske avtalar for motorferdsel og ferdsl.

Dersom dette held fram, kan grunneigarane velja å stenge all ferdsl på eigne område og slå beina under andre viktige tiltak.

For å unngå eit slikt scenario, må DNT påleggast til å gjennomføre nødvendige tiltak i tråd med planen.

## Teknologisk utvikling og auka rekkevidde

Dei siste tiåra har teknologiske framsteg mangedobla menneskeleg rekkevidde på Hardangervidda:

- GPS, lette klede, nye skutertypar, elsyklar, avansert turutstyr og betre vinterlogistikk gjer at folk kjem seg langt inn i område som tidlegare låg utanfor rekkevidde og i fred.
- Dette har radikalt endra trykket på villreinen, både i omfang og i tidsrom, ferdsl skjer no heile året, og ofte i periodar då naturlege barrierar tidlegare gav dyra fred.
- Utviklinga har gjort at ein enkeltperson i dag kan påverke eit mykje større areal enn før.

**Sti- og løypeplanen må derfor ta høgde for denne utviklinga og leggje til grunn større ro-soner og lengre stengingsperiodar dersom tiltaka skal ha reell effekt.**

## Planstruktur og samordning

Utkasta til tiltaksplanen (2023) hadde konkrete mål for å betre villreinens levekår.

Den nye sti- og løypeplanen svekker fleire av desse gjennom utsetting og prøvetid.

For at tiltaka skal verke, må dei to planane flettast saman til eit styringsverktøy der ferdslsplanen er underordna villreintiltaka.

Dette er i tråd med dei faglege råda frå villreinforskinga og Hardangervidda villreinutval, som begge understrekar behovet for samordna planverk og varige strukturelle grep.

## Natur- og rettsprinsipp

- Føre-var-prinsippet (§9) må vera styrande.
- Villreinen må få styrkt rettsvern som nøkkelart.
- Noreg og kommunane kring Hardangervidda må oppfylle sine internasjonale forpliktingar (Bern- og Naturavtala m.fl.).
- Kommunane bør i fellesskap sikre at naturforvaltning i villreinfjella ikkje vert styrt av kommersielle interesser.

Revisjon av nasjonalparkforskrifta:

Dagens forskrift opnar for altfor mange dispensasjonar.

Over tid har unntaka blitt regelen, og næringsinteresser og friluftsliv får forrang framfor dyrelivet.

Skal vernet verke, må forskrifta reviderast slik at dyrelivet – og særleg villreinen – står sterkast i vurderinga.

Nasjonalparken er ikkje ein arena for utvikling, men for bevaring.

## Konkrete tiltak og krav frå *La villreinen leva!*

### Ferdsel og aktivitet

Me stør alle forslaga til konkrete tiltak som fører til redusert bruk, og vil legge til:

- Forbod mot kiting i heile villreinområdet også nord for Rv7. Kiting er ein av dei mest forstyrrende aktivitetane for reinen vinterstid og må ikkje normaliserast gjennom soneforvaltning. Allemannsretten kan ikkje brukast som motargument.
- Forbod mot reklame og kommersiell marknadsføring av turar og aktivitetar i villreinområda, heile året.
- Teltforbod i sårbare område, særleg der hytter vert stengde eller trekkruter kryssar etablerte leirplassar, men også langs andre «flaskehalsar» som Kvenna, Gjuvsjøen, Skvetta og Bjønna.

- Hellevassbu mfl. må stengjast permanent.  
Planens femårige prøveperiode er utilstrekkeleg. Reinen treng varig ro for at trekka aust–vest skal opnast att. Same prinsipp gjeld Torehytta, Hadlaskard Lågaros og Litlos, desse må ikkje stå som aktive hytter etter 2030.
- Det er ikkje rimeleg at DNT skal krevja erstatning for hytter som er bygde med fellesskapets midlar.  
Når slike bygg skaper konflikt med villreinen, må samfunnet kunne endre bruken utan å betale for det på nytt. Sanering bør dekkast i fellesskap under leiing av vernemyndigheit.
- Sesongstenging etter 19. august: Alle DNT-hytter og stiar bør stengjast etter denne datoen for å gje reinen ro før hausten. Det er uansett få nordmenn att i fjellet.
- Stilleveker:  
Arbeide for å innføre «stilleveker» i viktige delar av året med total ro på vidda eller ved spesielle høve som ekstrem nedising osv. Dette kan også vera med å etablere ei felles bevisstheit hjå befolkninga, også på forhold langt utanfor arten villrein.
- Hundekøyring og vinteraktivitetar:  
Aktivitetar som hundekøyring og liknande må ikkje tillatast i sårbare område i kritiske periodar (kalving, vinterbeite).  
Planen bør utarbeide eigne tilrådde ruter og soner for slike aktivitetar utanfor kjerneområda.
- Sykling og nye framkomstmiddel:  
Sykling og el-syklar må avgrensast til utvalde trasear utanfor kjerneområda. Nye framkomstmiddel skal vurderast etter same restriktive prinsipp som anna ferdsel.
- Stiar i randsona som fører inn i viktige område bør fjernast, slik som stien til Falkeriset.
- Droner:  
Dronebruk må forbys i og over villreinområde.  
Unntak berre ved særskilt løyve og dokumentert samfunnsnytte.

## Husdyr, beite og rovdyr

- GPS-sendar på all sau i villreinområda.
- Fjerning av alle saltsteinar.
- Forbod mot leigesau og kommersielt beite som aukar press og forstyrring.

- Sporing og kontroll av jerv som del av ei heilskapleg forvaltning.

## Samferdsel og arealbruk

- Nullvekst i randsona: Ingen nye hytter eller utvidingar innanfor definerte randsoner mot villreinens leveområde.
- Stopp for ny hyttebygging i og kring leveområda; ferdsel frå eksisterande felt må styrast.
- Sørge for redusert arealbruk og ikkje stimulere til å ta hol på nye område, som erstatningsstien mot Hardangerfjorden. Dette inkluderer då å synleggjera konsekvensar og seta avgrensingar for nye tiltak som for eksempel Gondol på Rossnos og Eidfjord Resort.
- Forbod mot nye tilkomststiar frå hyttefelt eller tilknytte parkeringsplassar: Nye (eller «uoffisielle») snarveggar inn i kjerneområde skal ikkje etablerast; eksisterande skal avviklast.
- Bufferbelte (min. 3-5 km): Fast breidde rundt leveområde der stiar/løyper ikkje kan leggast, og der vinteraktivitet blir avgrensa.
- Vegstenging: Alle vegar som gjev ferdsel inn i villreinens leveområde bør stengjast for allmenn ferdsel i store delar av året. Stenging skal vara i minst 10 år som prøveperiode, og der trafikken er uforeineleg med villreinomsyn, må ho vera permanent. Dette er også i samsvar med faglege vurderingar frå villreinforvaltninga, som har peika på vegar som blant dei største barrierane for funksjonell arealbruk.
- Lang tunnel under Haukeli og RV7 må utgreiast som miljø- og samanhengstiltak mellom Hardangervidda og Setesdalsheiane.
- Kraftprodusentar og infrastruktur: Kraftanlegg, reguleringsmagasin og driftsveggar utgjer ein vesentleg del av inngrepa i villreinens leveområde. Kraftprodusentane har eit tydeleg medansvar for å redusere påverknaden frå eigen aktivitet, både gjennom tilkomst, vedlikehald og ferdsel. All motorisert ferdsel knytt til kraftdrift må førast inn i same register som anna motorferdsel og inngå i samla påverknadsanalyse. Ved revisjon av konsesjonar og manøvreringsreglement må det stillast konkrete krav til villreinomsyn, inkludert sesongvise restriksjonar på ferdsel og tiltak for å dempe støy, lys og trafikk. Kraftsektoren bør òg bidra økonomisk til bevaringsarbeidet, restaurering av gamle inngrepsområde og fjerning av installasjonar som ikkje lenger er i bruk.

- Stiar som vert stengde må fjernast frå alle kart, digitale og trykte, innan fastsett tidsfrist.  
Dette må også gjelde tenester som Kartverket, UT.no, AllTrails og Fjelltoppjakta.  
Sti- og løypeplanen må leggje opp til samarbeid med kommunane og Visitselskapa for å styre marknadsføring og kommunikasjon om stiar og løypenett. Rådet representerer alle kommunane og bør stille krav til dei store norske kommunikasjonsaktørane som Innovasjon Noreg.
- Skjuling i kart og appar:  
Forpliktande avtale med UT.no, AllTrails, Strava, Fjelltoppjakta m.fl.:
  - a) Skjule/stenge ruter i sanntid når soner er stengde.
  - b) Fjerne “hotspots/segment” i trekkområde.
  - c) Innføre “geofence” som hindrar opplasting av nye ruter i sårbare område.

## Forvaltning og styringssystem

- Etablere ein felles forvaltningsmodell for Hardangervidda på tvers av kommunar, med felles reglar, kontroll og rapportering.
- Spegelvendingsprinsippet må gjelde for heile planen:  
I sårbare område skal hovudregelen vera at aktivitet er forbode, med mindre noko er eksplisitt godkjent.  
Dette snur dagens praksis – frå «lov til forbod» til «forbod til vurdert unntak» – og sikrar reelt vern.
- Felles register for motorferdsel: Eit digitalt, ope og etterprøvbart system for alle dispensasjonar og køyringar.
- Arbeide for at all motorisert ferdsel – privat, offentleg og tenestebasert – må registrerast.  
Kommunal, statleg og privat køyring skal loggførast med dato, føremål og trase i same system.  
Berre slik kan ein få oversikt over samla påverknad og måle reelle endringar i motorferdsel over tid.
- Arbeide for fleire fredningssoner også under jakta, særleg i trekk- og kalvingsområde, samordna med sesongstenging av stiar.
- Obligatorisk ferdesløyve for alle organiserte aktørar:  
Enkelt, digitalt løyve for kurs, guidar, event, med tak per veke/område.  
Brot kan føre til utestenging frå løyvesystemet og vidda.
- Spegelvende tur-rettleiinga: Etablere «villreinsikre turar» - turar der du er garantert å ikkje forstyrre viktig dyreliv.

- Arbeide for haldningsendring i turistnæringa med “Null-promo”-soner. Kommunal vedtekt: totalforbod mot all marknadsføring (bilete, reels, turforslag) i definerte randsoner i sårbare periodar. Kommunane/Visitselskapa skal ikkje profilere turar inn i sårbare område. Overtredelse kan medføre gebyr/trekk i kommunal støtte osv.

## GPS-merking og bruk av posisjonar

- GPS-merking av villrein kan ikkje nyttast som styringsgrunnlag for ferdsel.
- Det er for få merka dyr, og det er verken etisk eller fagleg forsvarleg å merke nok individ til å gje eit reelt bilete.
- Erfaring viser at store flokkar ofte er heilt utan merka dyr, og kan dukke opp på uventa stader.
- Reinen er nomadisk og flyttar seg raskt, slik at GPS-posisjonar alltid er forelda når dei blir brukte i ferdselsvurderingar.
- Menneskeleg ferdsel legg att spor, lukt og visuell påverknad som styrer reinen i ettertid, sjølv etter at folk er borte.
- Å bruke GPS-data for å regulere ferdsel skapar ein illusjon av kontroll, men kan i praksis føre til meir forstyrring og feilvurderte tiltak.
- Sjølv merkingsprosessen er svært belastande: den krev bruk av helikopter, som skapar panikk og stress i flokkane. Slike inngrep er ikkje etisk forsvarlege og kan føre til at dyra utviklar sterkare frykt for helikopterlyd, noko som igjen forstyrrar dei i andre situasjonar, til dømes under jakt og tilsyn.

## Samfunn, kultur og lokalkunnskap

Villreinen er ein viktig del av den norske kulturarven og fjellbygdene sin identitet.

Lokalkunnskap er fagkunnskap. Desse samfunna lever med konsekvensane av ferdsels- og naturpress kvar dag.

Friluftsliv må byggjast på allemansplikt, ikkje berre allemansrett. Turisme bør byggjast på mest mogleg på oppleving, med minst mogleg påverknad og rekkevidde.

## Råd til den vidare prosessen:

- Styrk planen fagleg og rettsleg før vedtak.
- Etabler felles forvaltningsmodell og motorferdselsregister.
- Sett konkrete mål for 2026–2030 og årlege rapportar.
- Sikre reell lokal medverknad, ikkje berre høyringsrett.
- Stø kommunane sitt arbeid med å implementere tiltaka i bindande planar.
- Gjennomfør varige stengingar der reinen treng ro, og prøvesteng andre område i minst 10 år.

## Avslutning

*Hardangervidda er ikkje berre eit landskap, det er ein livsnerve i norsk naturhistorie.*

*Å ta vare på villreinen er å ta vare på fjellbygdene, kulturen og framtida.*

*Planen bør difor endrast frå å vera eit kompromiss mellom bruk og vern, til å bli eit styringsverktøy for reell reduksjon av ferdselspress.*

*Tida for utgreiingar er forbi.*

*Tida for handling er no.*

*Utan villreinen er me åleine.*

### **La villreinen leva!**

Vennleg helsing  
styret i La villreinen leva!

**Bjarte Hestdalen** (Vinje), leiar  
tlf. 97 76 23 31, [bjarte.hestdalen@hotmail.com](mailto:bjarte.hestdalen@hotmail.com)

**Guri Sørungård Botheim** (Dovre), nestleiar  
tlf. 97 03 16 24, [guri@lavillreinenleva.no](mailto:guri@lavillreinenleva.no)

[www.lavillreinenleva.no](http://www.lavillreinenleva.no)  
[Facebook](#) | [Instagram](#) | [Bluesky](#)



Foto: Asle Øydvin